

Ungdom først i framtidfylket.

- ✓ Sikre rekruttering av fagpersonell ved å tilby fleire heile stillingar.
- ✓ Styrke satsinga på heimebasert omsorg
- ✓ Samordne og utvikle betre tenester innan rus og psykiatri
- ✓ Styrke folkehelsearbeidet/ tettare samarbeid med idrettsliv, bygdelag og frivillige organsiasjonar
- ✓ Satsing på arbeidstrening og attføring

Samferdsle og kommunikasjon

Samferdsle er ein nøkkel for busett-
nad og næringsliv i kommunen vår.
Dette gjeld både gjennomgåande
trafikkårer og lokale vegar og
båtruter

Venstre vil arbeide for:

- ✓ Opprusting av dei kommunale vegane
- ✓ Betre busstilbod og hurtigferjetilbod
- ✓ Betre rutetilbodet Nordeide-Ortnevik
- ✓ Å betre tilhøva til mjuke trafikantar med samanhengande gang- og sykkelvegar

Venstre vil skape eit moderne og framoverlent samfunn i Høyanger og ruste kommunen for framtida!



Gunhild Berge Stang, 41 år
Fylkesordførarkandidat

Gunhild er busett i Dale i Fjaler.
Gift og mor til tre barn, 4, 6 og 8 år.

Sogn og Fjordane Venstre går til val på å setje ungdom først, ganske enkelt fordi det er å setje framtida først. For meg er det ikkje nok å berre seie vakre ord om ungdommane, gründerane og alle dei gode kreftene vi har i fylket vårt, samtundes som det etablerte politiske livet styrer som før.

Sogn og Fjordane treng ein ny giv. Då treng vi nye, friske krefter ved roret for å styre korleis fylket vårt skal sjå ut i framtida. Det er det ved dette fylkestingsvalet berre Venstre som kan sørge for.

Les meir om Sogn og Fjordane Venstre sin politikk og fylkesordførarkandidaten på heimesidene:
www.sognogfjordane.venstre.no

Venstre sine kandidatar i Høyanger



1. Lidvar Berge
fødd 1976

2. Anneli Austrheim
fødd 1974

3. Bjørn Alexander Berstad
fødd 1970

4. Martin Raasholm
fødd 1994

5. Leon-Per Kyltveit
fødd 1978

6. Daniel Godwin Longfellow
fødd 1972

7. Anna Sofie Skaar
fødd 1936


Bruk røysteretten din 14. september!
Stem Venstre!

venstre.no/hoyanger



Framsidedfoto: Lena Mikelsson

Høyanger Venstre



Valprogram
2015-2019.

VENSTRE
Folk først.



Grunnsyn og ideologi - Folk først.

Venstre byggjer sin politikk på dei liberale ideane der respekten for det einskilde mennesket står i sentrum. Alle menneska er frie og likeverdige, og i Venstre er vi opptekne av å setje folk først. Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn, der folk har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og vi tar ansvar for kvarandre og for miljøet.

Eit levande folkestyre er avhengig av mangfald, engasjement og brei representasjon. Vi vil møte strøymingar som truar demokratiet, med eit opnare samfunn og demokratiske prosessar, samstundes som vi ikkje

skal vere naive i møte med desse nedbrytande kreftene.

Venstre meiner at dei geografiske utfordringane gjer ei kommunesamanslåing krevande, og ser ei samanslåing med Balestrand og/eller Hyllestad som det mest realistiske. Vi vil likevel vere positive til å få utgreidd ulike alternativ.

Vi vil ha mange med oss til å forme framtida i Høyanger kommune, og ønskjer å setje vårt tydelege preg på den politikken som skal førast i kommunen.

Venstre stiller med nye folk - og nye tankar!



Satsingsområde for Høyanger Venstre:

Skule, barnehage og fritidsaktivitetar skal bidra til gode oppvekstmiljø

Høyanger Venstre har som mål å gje alle born ei best mogeleg opplæring etter interesser, evner og føresetnader. Vi vil at barndomen skal bli prega av tryggleik meir i form av menneskeleg nærleik enn av romslege materielle rammer. Denne tryggleiken får borna først og fremst i familien og i det nettverket som kommunen skapar i barnehagar, skular, lag og organisasjonar.

Venstre vil difor:

- ✓ Kjempe for å behalde Høyanger vidaregåande skule
- ✓ Arbeide aktivt for at pilotprosjektet Høyangerskolen 1-13 blir ein suksess
- ✓ Satse på kompetanseutvikling og hospiteringsordningar for pedagogisk personale
- ✓ Sikre god og kompetent lærartettleik i barnehage og skule
- ✓ Stimulere og gje støtte til helseførebyggande tiltak i skule og barnehage. Prioritere helse-systrer
- ✓ Styrke det spesialpedagogiske arbeidet i skule og barnehage, og jobbe for tidleg innsats i barnhage på dette feltet

- ✓ Stimulere og gje støtte til helseførebyggande tiltak i skule og barnehage
- ✓ Auke støtta til frivillige lag og organisasjonar gjennom kulturmidlar
- ✓ Styrke kulturskulen

Nyskaping og grøn vekst.

Venstre vil ha ei satsing på nye verksemder og arbeidsplassar. Vi må til ei kvar tid ha tilgjengelege næringsareal og næringsbygg for nyetableringar.

Høyanger må jobbe mot eit meir variert næringsliv, innan tradisjonell storindustri, småbedrifter, landbruk reiseliv, handel m.m. Høyanger har allereie bedrifter som utmerkar seg som grøne næringar og desse må vi byggje opp under. Gode butilhøve og lett tilgang til teneste- og fritidstilbod er ein føresetnad for ein god kvardag. Høyanger kommune bør med si sentrale plassering i fylket med tilgang til fleire arbeidsplassar, vere ein attraktiv bu- og etableringskommune.

Venstre vil difor:

- ✓ Legge til rette for at småbedrifter enkelt kan etablere seg i kommunen
- ✓ Gje tettare oppfølging av grunderar
- ✓ Gjere Høyanger til føregangskommune på energi, klima og grønt næringsliv
- ✓ Ha nok bustadtomter til ei kvar tid i alle deler av kommunen
- ✓ Belønne miljøvennleg bygging/oppgradering av bustader

- ✓ Betre kollektivtilbodet i regionen, slik at fleire vel å bu i kommunen sjølv om dei har arbeidsplassen i andre kommunar
- ✓ Få full fiberdekning i kommunen, til bedrifter, hus og heim
- ✓ Samarbeide med landbruksnæringa i Høyanger om å utvikle landbruket som vekstnæring

Helse og Omsorg

Høyanger kommune har i dag ei god utbygd teneste innan helse og omsorg. Grunntanken bak samhandlingsreforma er at mest mogleg av helseoppgåvene skal løysast på lågast mogleg nivå. Dette er eit prinsipp som Venstre støttar. Med samhandlingsreforma og helsereforma står kommunane i dag ovanfor nye store utfordringar innan helse og omsorg, spesielt innan førebygging og rehabilitering. For å klare desse store oppgåvene er Venstre opne for å sjå på kommunestruktur dersom oppgåver, tenestetilbod og rekruttering av fagpersonell krev det.

Venstre vil arbeide for:

- ✓ At omsorgstenesta gjev varm velferd og verdig liv. Eldre skal bli møtt med respekt, omsorg og naudsynt kompetanse i denne fasen av livet.
- ✓ Eit desentralisert legetilbod
- ✓ Behalde ambulansetenestene i Lavik og Høyanger